

Ulla med nase for turisme

Å drive turisme handlar mellom anna om å sjå moglegheiter, ta ein sjanse, skaffe seg samarbeidspartnarar og få folk til å opne augene sine. Andreas Ulla er på rett veg.

Willy Haram

willy.haram@haramsnytt.no

Full av pågangsmot og gjestfriheit har han eit ønskje, og ei tru på at det går an å skape turisme i Haram. Han er eigar av Ulla Havsportsenter på Haramsøya, saman med kona Kirsten Berit Ulla. I dag har dei åtte månader med drift, tre av desse går med til vedlikehald. Saken er at dei gjerne vil ha turisme som levebrød, men då treng dei hjelp frå Haram kommune.

– Vi har vist at det går an å drive turisme i Haram, men for å kunne vekse og bli endå betre og meir attraktiv treng vi hjelp frå kommunen, seier Ulla.

Tiltak

Andreas Ulla er også ein av

eldsjelene bak Haram Reise- og turismeforum. Der vart han nyleg valt til nestleiar. Gjennom forumet har dei ytra sine ønskjer til Haram kommune. I eit brev greiar dei ut om ulike tiltak som bør prioriterast. Nokre av tiltaka er betre tilrettelegging for turisme, som skilting, regulering av tomter, parkering og utbyggingsareal for drift til turismeformål. I tillegg ønskjer dei betre marknadsføring av kommunen, både som turismemål og til busetjing.

Samarbeid er tingen

Andreas Ulla er samarbeidsvillig. Han har forstått at for å kunne leve av turisme i Haram, treng han støttespelarar. Han forstår også kor viktig det er med gode kontaktar, og eitt av dei nye namna i telefonlista til Ulla er fotograf Per Eide. Den meritterte fotografen er også ein ivrig dykkar, og likar seg godt i havet ved Ulla. I haust skal dei arrangere ein "fotosafari" under vatn.

– Fotokurset blir veldig dyrt, men overnattinga blir nesten gratis, seier Per Eide og sku-



Fotograf Per Eide drakk vatn frå ei spritkanne ombord i båten til samarbeidspartnaren sin. Andreas Ulla ser nytta av å knytte til seg kontaktar for å utvikle turismen vidare i Haram.

lar humoristisk bort på Andreas Ulla som ikkje er sein med å svare.

– Det skal vi sjå på, men ein ting er vi samd om. På meny-

en skal det stå Bacalao ala Ulla Havsportsenter, seier Ulla.

Dykkarkompisar med tillitsfullt samarbeid

Dykkarane Andreas Ulla og Svein Wollstad har lang fartstid saman. Dei samarbeidar på tvers av kommunegrensene og har tru på framtida.

Willy Haram

willy.haram@haramsnytt.no

Helga før påske vart det arrangert endå eit dykkarkurs ved Ulla Havsportsenter. Dette var eit påbyggingskurs for dei som allereie har dykkarsertifikat og erfaring. Målet med kurset er å gjere ein dykkar i stand til å redde liv om uheldet først skulle skje. Dei sju deltakarane på kurset kom alle frå Haram, og før dykkinga ved Ulla hadde dei hatt 25 timar med teori. Heilt sentralt innan dykking er det å stole på den ein dykkar saman med, ein må ha tillit til kvarandre. Noko som også er viktig om ein skal samarbeide.

Samarbeid

Svein Wollstad i Ålesund

Dykkersenter leia kurset og har eit tett samarbeid med Andreas Ulla i mange år.

– I 1981 var Andreas elev på eitt av kursa mine. Sidan den gong har vi god kontakt, og arrangert mange kurs saman. I tillegg har Andreas bygd ei flott rorbu med høve til overnatting. Det er fole greitt å ha ein plass der ein kan halde eit kurs over ei helg, seier Wollstad.

Turisme i Haram

Andreas Ulla har bygd opp ei lita næring der han kan dyrke ei av sine store interesse, nemleg dykking. Han har komen ein lang veg med rorbua, men meiner sjølv at for å møte krava til stadig meir krevjande gjestar, er det framleis rom for investeringar. Vi spurte Wollstad om han har tru på Ulla Havsportsenter som ein turistmagnet i framtida.

– Andreas Ulla har god forretningssans, og tenkjer samarbeid. Det er derimot eit langt lerret å bleike om ein skal lukkast, men dei seinare åra har



Dykkarane på redningskurset skulle lære korleis dei kunne redde liv om det først skjedde eit uhell.

ein sett ein tendens av at folk ønskjer seg meir aktive feriar, seier Wollstad.

Stått på

– Kva tenkjer du om det An-

dreas har fått til her ute på Ulla?

– Han har fått til veldig mykje. Han har stått på, og lagt mykje pengar og fritid for å realisere prosjektet. Eg håper

sjølv sagt det beste for han, og at han til slutt greier å leve av dette, seier Wollstad.